

# Val av Hovudtillitsvald etter kommunal hovudavtale i KS i Ullensvang kommune

## Val av dirigentar/møteleiarar

### Vedtak:

*Anita Eide Aase vart vald som møteleiar.*

## Val av referent

### Vedtak:

*Brita Karoline Børve Ringheim vart vald som referent.*

## Val av protokollunderskrivarar

### Vedtak:

*Terje Lekve og Gry Eike vart valde som protokollunderskrivarar*

## Godkjenning av valreglement

Valreglement til HTV-valet:

- Det skal veljast ein hovudtillitsvald (HTV) for grunnskule og ein hovudtillitsvald (HTV) for barnehage etter kommunal hovudavtale i KS i Ullensvang kommune, med vara.
- Alle medlemmer som er tilsett i Ullensvang kommune pr dags dato, og som har møtt opp for å delta i valet, har tale-, forslags- og stemmerett.
- Valet har verknad frå 1. august 2025.
- Vala er skriftlege. Dersom det ikkje foreligg andre forslag til kandidatar enn valkomiteen si innstilling, og dei stemmeberettiga samtykker, kan valet gjennomførast som open votering.
- Det kan ikkje stemmast på andre enn den kandidaten som er foreslått og som har sagt ja til å stilla til val. Dette er kandidatar som er foreslått frå valkomiteen eller frå deltakarane på valmøtet (benkeforslag)
- Stemmesetlar som inneheld andre namn, blir forkasta. Blank stemmesetel blir rekna som avgitt stemme.
- Valreglementet gjeld for val av både HTV og vara HTV.

Ved fleire enn ein kandidat gjeld følgande reglar:

- Det skal haldast skriftleg val.

- Den kandidaten som får meir enn halvparten av stemmene, er vald. Om ingen av kandidatane får meir enn halvparten av stemmen, skal det haldast omval.
- Der som det er fleire enn to kandidatar, går kandidaten med lågast stemmetal ut. Nytt val blir gjennomført mellom dei gjenværande kandidatane. Dette prinsippet blir følgt til berre to kandidatar gjenstår.
- Ved omval mellom dei to kandidatane, er den vald som har fått flest stemmer. Ved stemmelikskap, foretas loddtrekning.

**Vedtak:**

Valreglementet vart godkjent.

**Vedtak:**

Pål Kristian Kaupang, Skare skule, vart valt som HTV grunnskule for perioden 01.08.2025-31.07.2027

**Vedtak:**


Annette Galtung, Jondal barnehage, vart valt som HTV barnehage for perioden 01.08.2025-31.07.2026

**Vedtak:**

Brita Karoline Børve Ringheim, Opedal skule, vart valt som vara-HTV grunnskule for perioden 01.08.2025-31.07.2027

**Vedtak:**


Marthe Zachariassen Høyland, Kinsarvik barnehage, vart valt som vara-HTV barnehage for perioden 01.08.2025-31.07.2027



Terje Lekve, protokollunderskrivar



Gry Eike, protokollunderskrivar



Brita K.B. Ringheim, protokollskrivar